



Naustdal-Gjengedal  
verneområdestyre

# Møteinnkalling

---

**Utval:** Naustdal-Gjengedal verneområdestyre  
**Møtestad:** Gloppen  
**Dato:** 27.02.2023  
**Tidspunkt:** 11:00

---

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.



## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 1/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 2/23	Signering av protokoll frå førre møte		
RS 1/23	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 1-2023		2019/4183
ST 3/23	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om fornying av fleirårig skuterløyve		2023/1142
ST 4/23	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Kartlegging av våtmark i 2023		2019/2581
ST 5/23	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - prioritering og fordeling av tiltaksmidler for 2023		2019/4173
ST 6/23	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - revidering av forvaltningsplan - oppdatert tidsplan		2022/10021
ST 7/23	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Møteplan for 2023		2019/2581
ST 8/23	Eventuelt		

**ST 1/23 Godkjenning av innkalling og sakliste**  
**ST 2/23 Signering av protokoll frå førre møte**



Arkivsaksnr: 2019/4183-0  
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik  
Dato: 20.02.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	1/23	27.02.2023

## Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 1-2023

- Det har ikkje vore handsama saker med delegert mynde sidan førre møte.
- NRK Vestland har skriva ei sak som handlar om bruk av elsykkel i verneområde. Sakal har sitt opphav i ei sak i Firda Tidend om ein som frakta heim eit lam frå Langedalen i Naustdal-Gjengedal ved hjelp av elsykkel tidlegare i vinter. Vi som jobbar i forvaltninga har fokus på å få ut informasjon om regelverket kring bruk av elsykkel, og vi prioriterer det framfor sanksjonar. Reglane er ganske nye her, og vi veit at dei er både ukjende og kompliserte for ein del.  
[Ein ulovleg sykkel tur vart berginga for lammet – NRK Vestland](#)
- Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har fått 71.000 i driftsmidlar for 2023. Det er det same som vi søkte om. Det betyr at vi kan ha den aktiviteten som vi har lagt opp til:
  - 4 styremøte (med eller utan synfaringar)
  - Ingen studietur eller konferansar
  - Drift av nettsider
  - Møte i Rådgjevande utval
- Styret har fått 100.000 til kartlegging av våtmark i 2023. Sjå eigen sak om dette seinare. Styret fekk derimot ikkje dei 200.000 til kartlegging av av kulturlandskap som vi søkte om.



Arkivsaksnr: 2023/1142-0  
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik  
Dato: 10.02.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	3/23	27.02.2023

## Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om fornying av fleirårig skuterløyve

### Innstilling frå forvaltar

Bjørn Årdal får løyve til å bruke snøskuter frå Årdalen til Årdalskupa i samband med transport av forsyningar, utstyr, materialar og saltstein. Løyvet gjeld for inntil tre turar kvart år i tida 2023-2025

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3 b og e, og gjeld på desse vilkåra:

- Løyvet gjeld i perioden 25.februar til 30.april kvart av åra løyvet er gyldig.
- Det skal ikkje køyrast i helgar og ikkje i påskeveka.
- Løyvet skal vere med under køyring.
- Køyretøy skal vere registrert, i forskriftsmessig stand og det skal nyttast hjelm.
- Køyring må vere i tråd med kommunale reglar for snøskuterkøyring.
- Statens naturoppsyn (tlf 97595102) skal varslast per SMS, og det skal skrivast køyrebok, før køyring tek til
- Det skal sendast rapport til verneområdeforvaltar (e-post eller sms) når transporten er gjennomført.



## Vurdering

### Dokument i saka:

- Søknad om fornying av fleirårig skuterløyve frå Bjørn Årdal
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde
- Forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal LVO

### Søknaden

Bjørn Årdal har i fleire år hatt løyve til å transportere forsyningar til hyttene i Årdalskupa med snøskuter. Det førre løyvet gjekk ut i 2021, og Årdal søker no om nytt løyve for åra 2023 til 2025.

Bjørn Årdal søker om løyve til å køyre inntil tre turar kvart år i åra 2023 til 2025, frå Erikstad til hyttene i Årdalskupa. Traseen er merka av på kart som er lagt ved søknaden. Køyringa skal skje i perioden 25.februar til 30.april i desse åra, og føremålet med køyringa er transport av forsyningar til hyttene og transport av salt til beitedyr.

### Regelverk

Verneforskrifta sin § 3 har reglar som regulerer motorferdsel i landskapsvernområdet. I følgje punkt 5.1 er motorferdsel forbode både på land og i vatn innanfor verneområdet. Punkt 5.3 opnar likevel for at forvaltingsstyresmakta kan gje dispensasjon til bruk av snøskuter til transport av varer til hytter og stølar. Dette løyvet er derfor heimla i verneforskrifta § 3 punkt 5.3:

*5.3. Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:*

- b) transport av saltstein og liknande for husdyr på beite*
- e) transport av varer til hytter og stølar*

Forvaltingsstyresmakta har med andre ord heimel i verneforskrifta til å gje eit slikt løyve som det her er søkt om.

I tillegg til løyve etter verneforskrifta må all motorferdsel i utmark vere i tråd med lov om motorferdsel i utmark og på vassdrag. Den lova er det kommunen som handterer.

I følgje naturmangfaldlova (nml) § 7 skal alle vedtak som kan påverke naturmiljøet vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§8-12.



## Vurdering

Naustdal-Gjengedal er eit verneområde og fjellområde i aktiv bruk med mange hytter og andre bygningar og med landbruksdrift i form av beitebruk. Då følgjer det naturleg eit behov for å frakte forsyningar til hyttene og saltsteinar og andre driftsmiddel i samband med beitebruken. Dette er behov som er omtala i verneforskrift og forvaltningsplan, og som forvaltninga har som praksis å kome i møte.

Bjørn Årdal har i mange år hatt fleirårig løyve til å transportere forsyningar og salt til hyttene i Årdalskupa. Der er det to hytter som er i felles eige blant grunneigarane i Årdal i Jølster. Hyttene er mykje brukt i samband med beitebruk og i tillegg noko brukt til rekreasjon/friluftsliv. Transport til hyttene kan løysast med enten snøskuter eller helikopter. Begge deler er skånsam ferdsel som i avgrensa omfang ikkje har nemneverdig innverknad på naturmiljøet. Naturmangfaldlova § 12 set krav om at mest skånsame metode er valt, og det er det i dette tilfellet.

Årdal søkjer om å køyre inntil tre turar kvart år. Det er eit moderat og rimeleg omfang når det er snakk om to hytter og dessutan sopass mykje beitebruk som det er her. Ruta han søkjer om å køyre er «den vanlege» om ein skal ta seg med snøskuter opp dit. Først følgje vegen/skiløype til Legestølen, og deretter stort sett følgje stitraseen opp til Stegsvatnet. Siste «kneika» opp til vatnet må ein køyre langs ryggen litt vest for stien.

Perioden køyringa skal føregå er 25.februar til 30.april. Det er på sein vinter og tidleg vår det normalt sett er beste snøtilhøva til å gjennomføre skutertransport. Sidan Naustdal-Gjengedal er ganske samanfallande med Førdefjella villreinområde so må ein vurdere omsynet til villrein i slike skutersaker, særleg med tanke på at ein i april månad nærmar seg kalvingstida til villrein. Her er derimot ikkje registrert kalvingsområde ved Årdalskupa eller langs ruta. Andre sårbare naturverdiar som kan verte påverka kjenner forvaltninga ikkje til.

Området er populært til friluftsliv, både fotturar i barmarksesongen og skiturar på vinter og vår. Vi bør derfor ta høgde for at her vil vere ein del friluftsliv i den perioden det er søkt om å køyre. Denne aktiviteten er oftast lagt til helgane og til påska. Ein bør derfor prøve å unngå eller redusere motorferdsla då, slik at ein ikkje uroar friluftslivet unødige.

Ruta frå Årdalen i Jølster, opp til Stegsvatnet og inn til Årdalskupa er eit område som forvaltninga kjenner godt, gjennom fleire saker og tiltak siste åra. Vi kjenner ikkje til verneverdiar eller naturverdiar i dette området i denne tida av året som kan verte negativt påverka av sopass avgrensa motorferdsel. Kunnskapsgrunnlaget i saka (jamfør nml § 8) er godt og føre-var-prinsippet i nml § 9 treng ikkje vektleggast.

Bjørn Årdal har hatt liknande løyve i tre periodar tidlegare. Alle desse løyva har vorte nytta på ein god måte, innan for rammene. Det er ikkje registrert negative verknader eller tilbakemeldingar på bruken av desse løyva. Det er for tida ingen andre gyldige løyve til motorferdsel i dette området, og den samla belastninga av motorferdsel i dette området er soleis liten (jamfør nml § 10).





Dette er, slik forvaltaren ser det, ei kurant og lite problematisk sak. Transport til hytter og transport av saltstein er omtala i verneforskrifta og tiltaket som det er søkt om her er godt innanfor retningslinjene i forvaltningsplanen.



Arkivsaksnr: 2019/2581-0  
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik  
Dato: 20.02.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	4/23	27.02.2023

## Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Kartlegging av våtmark i 2023

### Innstilling frå forvaltar

Verneområdeforvaltar engasjerer ei verksemd eller ein fagperson til å kartlegge lokalitetane og kome med tilrådingar, innanfor den tildelte ramma på 100.000.

Dersom ramma er for liten til å kartlegge begge lokalitetane, skal Tangane prioriterast.

### Saksopplysningar


#### Bakgrunn

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har søkt om og fått tildelt kr 100.000,- til kartlegging av våtmark i Naustdal-Gjengedal.

#### Saksutgreiing


Styret har i fleire år peika på eit behov for å vite meir om ein del verneverdiar og naturkvalitetar i Naustdal-Gjengedal. Styret har derfor i fleire år søkt om «planmidlar» frå statsbudsjettet si post 1420.21 *Miljødirektoratet sine spesielle driftsutgifter* men vi har ikkje fått tildeling før no i 2023.

Det er to lokalitetar som vi ønskjer meir kunnskap om. Den viktigaste av dei er **Tangane** ved Vonavatnet i Sunnfjord kommune. Det er eit deltaområde som er verdsett som B-Viktig i Naturbase. <https://faktaark.naturbase.no/?id=BN00017928>



Den andre lokaliteten er **Måsevassøyna** ved Storevatnet i Gloppen kommune. Den er registrert som naturtypen kystmyr og er verdsett til C- Lokalt viktig i Naturbase.

<https://faktaark.naturbase.no/?id=BN00001881>



I kartlegginga ønskjer forvaltninga å få noko meir og oppdatert kunnskap om artsmangfald og naturverdiar i desse områda. Registreringane er over 30 år gamle, og ein del kan ha endra seg. I tillegg ønskjer vi å vite meir om kva truslar som er mot artsmangfaldet og kva omsyn vi bør ta i forvaltninga for å ta vare på artsmangfaldet.



Arkivsaksnr: 2019/4173-0  
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik  
Dato: 14.02.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	5/23	27.02.2023

## Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - prioritering og fordeling av tiltaksmidler for 2023

### Dokument i saka:

- Søknad om tiltaksmidler for 2023
- Tildeling av tiltaksmidler frå Miljødirektoratet

### Bakgrunn

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre får kvart år ei tildeling med tiltaksmidler frå Miljødirektoratet. Midlane er statlege investeringsmidlar frå post 1420.31 i statsbudsjettet. Kort fortalt skal midlane nyttast til tilrettelegging, skjøtsel og informasjonsarbeid, og i tråd med retningslinjer og føringar frå direktorat og departement.

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre sette opp ei prioritert bestilling av midlar på siste møtet i 2022. Styret søkte om totalt 645.000. Lista vart sendt til Miljødirektoratet som har gått gjennom alle tiltaka og vurdert dei opp mot postføremål og føringar. Det mest vanlege er at direktoratet vurderer kva tiltak som er innanfor og utanfor postføremålet, og at verneområdestyret får ein «pott» med midlar til fordeling blant dei tiltaka som er vurdert som innanfor postføremålet. Det er og vanleg at tildelinga er mindre enn søknaden, og at styret derfor må fordele og prioritere dei midlane dei får.

### Tildeling

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har fått 600.000 i tiltaksmidler i 2023. Alle tiltaka på lista er vurdert til å vere innanfor postføremålet og kan derfor tildelast midlar.

### Handsaming i møte

Styret må fordele og eventuelt prioritere dei tildelte midlane for 2023. Midlane kan fordelast mellom alle tiltaka som står på lista i søknaden. Vi har fått 600.000, som er nesten like mykje som vi søkte om. Vi må «spare inn» 45.000 samanlikna med søknaden vi sende inn.

Det kan styret gjere ved å kutte ut tiltak i sin heilskap, redusere tildeling ut i frå kostnadsoverslag på det enkelte tiltak, eller med ein kombinasjon av desse. Styret kan og flytte midlar frå eit tiltak til eit anna om det er behov for det.



I søknaden om tiltaksmidlane vart tiltaka prioritert med unik prioritering. Prioriteringa har i praksis lite å seie når vi får sopass bre finansiering, men den kan sjølvstøtt endrast om det er ønskeleg.

Her er søknaden som vart sendt inn før nyttår:

Prioritet	Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag (totalt)
1	Skjøtsel Arnestadstøylen	Årleg slått på Arnestadstøylen. Skjøtsel i tråd med skjøtelsplan.	20 000
2	Skjøtsel Sandsstøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000
3	Skjøtsel Fitjestøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000
4	Skjøtsel Ryssdalsstøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000
5	Skjøtsel Gimmestadstøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000
6	Skilting	Bytte ut gamle, slitte og øydelagde skilt langs stiar og vegar. Sette opp nye skilt der det er behov	5 000
7	Skilt om Byrkjenesmannen	Lage og sette opp eit skilt som fortel litt om "Byrkjenesmannen" og busetnaden i Byrkjeneset rundt 1700. Heng saman med informasjon om "barnegrava" som står ved Gjengedalsstøylen.	20 000
8	Fjerning av ikkje-ynskete artar	Fjerning av førekomstar av gran i og rundt landskapsvernområdet.	250 000
9	Informasjonsskilt	Sette opp informasjonsskilt og/eller portalskilt i bygdesenter og innfallsportar	100 000
10	Råsa gjennom Ura ved Storevatnet	Gjere om på tidlegare utbetring av råsa gjennom Ura. Her vart det bygd ei steintrapp i 2011 (?) som storfe ikkje likar å gå i. Vurdere grusdekke i staden for?	50 000
<b>Totalt</b>			<b>645 000</b>



Arkivsaksnr: 2022/10021-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 20.02.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	6/23	27.02.2023

## Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - revidering av forvaltningsplan - oppdatert tidsplan

### Innstilling frå forvaltar

Milepæl/oppgåve	Kor tid	Ansvarleg	Merknad
Vedta prosjektplan og tidsplan	Styremøte 1/2022	Verneområdestyret	Ferdig
Vedtak om oppstartsmelding	Styremøte 1/2022	Verneområdestyret	Ferdig
Tidleg innspelsrunde	Vår/sommar 2022	Forvaltar	Utført
Legge innhald frå gjeldande forvaltningsplan inn i FPNV	Vår/sommar 2022	Forvaltar	Ferdig
Kartlegge behov for ny kunnskap	Vår 2022	Forvaltar	Delvis
Kartlegge behov for endringar	Styremøte haust 2022	Forvaltar og styre	Delvis
Kartleggingar/hente inn ny kunnskap	Sommar 2023	Forvaltar og ekstern hjelp	Har fått noko midlar i 2023
Definere forvaltnings- og bevaringsmål	Styremøte 2/2023	Verneområdestyret	
Oppdatere kapittel om brukarinteresser	Vår/sommar 2023	Forvaltar	
Møter med referansegrupper	Haust 2022/vår 2023	Forvaltar og styret	Skal vi ha referansegrupper? Er det nok med opne møter?
Opne møter	Haust 2023	Forvaltar	Eitt i kvar kommune
Forslag til retningslinjer og tiltaksplan	Vinter 23/24	Forvaltar	
Vedta utkast	Første halvår 2024	Verneområdestyret	Nytt styre



---

<b>Fagleg godkjenning før høyring</b>	2024	Miljødirektoratet	Kan ta tid
<b>Høyring</b>	Sommar/haust 2024	Forvaltar	
<b>Innarbeide høyringsinnspel</b>	Haut 2024	Verneområdestyret	
<b>Vedta endeleg versjon</b>	Styremøte 4/2024	Verneområdestyret	
<b>Endeleg godkjenning</b>	Vinter 24/25	Miljødirektoratet	

## Saksopplysningar

Vi har kome litt etter skjema når det gjeld revidering av forvaltningsplanen. Det er fleire årsaker til det. Den eine er at vi ikkje fekk midlar til å styrke kunnskapsgrunnlaget i fjor. Det har vi fått i år. Ei anna årsak er at andre arbeidsoppgåver hos forvaltaren har teke tid.

Når vi no veit at vi har fått midlar til kartlegging av våtmark kan vi kome eit steg vidare. Forvaltar set derfor opp ein oppdatert tidsplan for arbeidet.

Vi er no i siste perioden til det sittande styret. Det vil seie at det vil komme eit nytt styre undervegs i prosessen her. Det er ikkje heilt heldig, men samstundes er det berre slik det er. Vi satsar på at det sittande styret kjem so langt som råd i å sende eit godt utkast vidare til neste styret slik at dei får eit godt utgangspunkt.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	7/23	27.02.2023

## Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Møteplan for 2023

### Innstilling frå forvaltar

Verneområdestyret vedtek møteplan med datoar som høver for styret.

Eit nytt år er i gang, og vi har no det første møtet. Styret bør sette opp ein møteplan no i starten av året slik at styremedlemmer og forvaltning får lagt datoane inn i kalendrane sine. Vedtektene til styret seier at det skal vere minst fire møter i året, og det er det styret har lagt opp til i budsjettet for 2023. Normalt sett vil det vere tilstrekkeleg. Om saksmengda skulle tilseie det, so kan det bli justeringar med både færre og fleire møter.

2023 vert det siste i styreperioden for det sittande styret. Det er kommune- og fylkestingsval til hausten, og i etterkant av det skal det oppnemnast nytt styre. Erfaringsmessig skjer ikkje det før rundt årsskifte. Det sittande styret bør derfor vere førebudde på å sitte ut heile året, og legge opp møteplanen med tanke på det. Verneområdeforvaltar har gått gjennom møteplanane til kommunane og fylkeskommunen, og funne aktuelle datoar som ikkje kolliderer med politiske møte.

### Aktuelle datoar for styremøte 2/2023, 3/2023 og 4/2023:

#### Styremøte 2/2023:

2.mai	30.mai
3.mai	31.mai
5.mai	5.juni
8.mai	12.juni
10.mai	13.juni
12.mai	15.juni
16.mai	19.juni
19.mai	20.juni
22.mai	21.juni
26.mai	



NB: Styret i Utviklingsfondet for Naustdal-Gjengedal planlegg tildelingsmøte i veke 24. Det har tidlegare vore snakk om å samkøyre møte i verneområdestyret og møte i utviklingsfondet. I so fall vil det vere 12., 13. og 15.juni som er aktuelle.

Styremøte 3/2023 (dette møtet kan bli utfordrinande då det er tett på valet):

21.aug	15.sept
23.aug	22.sept
24.aug	5.okt
28.aug	6.okt
30.aug	9.okt
4.sept	10.okt
5.sept	11.okt
11.sept	12.okt
12.sept	13.okt
13.sept	

Styremøte 4/2023:

20.nov  
21.nov  
24.nov  
27.nov  
29.nov  
1.des  
4.des  
5.des  
6.des  
8.des  
11.des  
12.des  
14.des

Det er fint om styret kan sjå over datoane før styremøtet og merke av dei datoane det passar eller ikkje passar med møte.

Styret kan og ta stilling til korleis dei ulike møta skal gjennomførast. Kor skal dei ulike møta vere, skal nokon av dei kombinerast med synfaring eller tur, osb.



Naustdal-Gjengedal  
verneområdestyre

Saksframlegg

**ST 8/23 Eventuelt**